



Erling Stadheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2077 - 16/16362

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

01.09.2016

Godkjenning - GBNR 41/44 - Løyve til gjenoppføring av naust på gbnr. 41/3 - Skarpenes

Administrativt vedtak. Saknr: 289/2016

Tiltakshavar:

Erling Stadheim

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Erling Stadheim har søkt om løyve til gjenoppføring av naust på gbnr. 41/3. I søknaden er det opplyst om at naustet som stod på tufta tidlegare vart knust i storm.

Naustet er oppgjeve med ein storleik på BYA/BRA 18 m². Erling Stadheim er heimelshavar til gbnr. 41/44 som har ein tinglyst rett til å ha naust plassert på gbnr. 41/3. Eigar av gbnr. 41/3 er Ingrid Eriksen.

Vi viser til søknad journalført motteke 18.8.2016, samt situasjonsplan journalført 25.8.2016.

Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3.

Det er kome merknadar frå eigar av Børre Eriksen på vegne av Ingrid Eriksen, som er eigar av gbnr. 41/3. Han har ingen merknadar knytt til oppføring av naustet, under føresetnad av at BYA ikkje vert større enn naustet som skal erstattast. Han viser i den samanheng til teikninga der det ser ut som om det skal etablerast ein platting rundt naustet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Erling Stadheim svara på merknadane i e-post den 24.8.2016. Han skriv at det ikkje er snakk om å opparbeida ein ny platting rundt naustet. Han skriv følgjande:

«I nordenden av naustet, er det opparbeid lite område med betongdekke (var der då eg kjøpte). Mot sjø er det ein steinmur som går om lag 1 meter utfrå ringmuren på naustet. Som eg skreiv i fylgjeskriv, er denne steinmuren no så dårleg, at den må erstattast. Det gjer eg lettast med tre. Om eg gjer dette litt breiare enn 1 meter, vert det litt lettare å leggje liten båt inntil. I sørenden av naustet, var det opprinneleg portar med støypt oppdrag. Eg lagar vanleg dør i den enden og treng då ikkje anna areal der enn ca 1 meter utfrå naustet som eg byggjer av tre.

*Etter det eg hugsar, er formuleringa på skøyta «rett til naust på 8*5 meter» Med dei avstandane eg har nemnt her, ligg då naustet og utearealet innanfor dette.»*

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av naust er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a), og er eit mindre tiltak som kommunen finn at tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav e).

Omsøkt areal er satt av til friområde, under dette park, turveg, leikeplass, naust i reguleringsplan for hyttefelt på Skarpenes, planid: 125619870909. For oppføring av naust har planen lagt til grunn følgjande i føresegn 1.b:

«I områda kan det førast opp naust og tilretteleggjast for fortøyning av båtar.»

Oppføring av naust som omsøkt er dermed i samsvar med reguleringsformålet.

Plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Tiltaket er i samsvar med regulert byggjegrænse, jf. pbl § 29-4 andre ledd, jf. § 12-4 første ledd, og skal plasserast som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart journalført motteke 25.8.2016. Tiltaket skal i tillegg utformast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke same dato. Det skal ikkje etablerast platting utanfor naustet ut over eksisterande situasjon.

Visuelle kvaliteter:

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 bokstav a) løyve til oppføring av naust som omsøkt, pladsert på gbnr. 41/3, jf. søknad journalført motteke 18.8.2016.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført 18.8.2016 og 25.8.2016.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtak et er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Teikningar
Kart

Mottakere:
Erling Stadheim